

Hustadvika kommune  
Tingplassen 1  
6440 Elnesvågen

08.08.2020

[postmottak@hustadvika.kommune.no](mailto:postmottak@hustadvika.kommune.no)

## **Innspel til høyring og ettersyn, - framlegg til samfunnsdelen av kommuneplan, Hustadvika kommune**

Vi viser til at formannskapet i møte av 28.5.2020 gjorde vedtak om å leggja nevnte plan ut til offentleg høyring og ettersyn.

### **Våre innspel**

1) Vi oppfattar framlegget som bra på ein del punkt og som mangelfullt på nokre punkt. Den beskrivande og grunnleggjande delen med omtale av formål og bakgrunn synest å vera bra. Vi saknar imidlertid meir klare føringar for korleis ein vil følgja opp dei målsetjingar som blir skissert. Dette vil i neste omgang kunne føra til at kommuneplanens samfunnsdel ikkje blir eit godt nok styringsverktøy for utviklinga i kommunen.

2) Vi meiner at planen er for uklar i forhold til korleis ein vil løysa konflikta mellom berekraftig miljø og vekstkraftig samfunn. Konkret må vi peika på arealutfordringane knytt til Eide og Elnesvågen - Malmefjorden – Jendem, m.a. som følgje av å vera nær nabo med Molde kommune. Vi saknar at framlegget til plan legg til rette for ei sterkare styring av arealbruken.

3) Vi synest at planen tek for lite tak i at Hustadvika er av dei største landbrukskommunane mellom Stavanger og Trondheim. I så måte meiner vi at planen må innehalda klare avklaringar på at dyrka og dyrkbart areal skal takst vare på for matproduksjon også for framtida. Eksisterande dyrka jorda må takast vare på, det bør nydyrkast meir jord, jordbruksarealet må aukast og det må sikrast at det blir produsert mat på ein god måte. Dette er dei beste tiltaka for å sikra at Hustadvika også for framtida skal vera ein av dei største landbrukskommunane langs kysten.

4) Vi meiner at planen i for liten grad legg til rette for å drøfta verkemidlar for å få til ei optimalisert og berekraftig arealforvaltning i lys av dei utfordringar vi har knytt til klima, matproduksjon og levande lokalsamfunn.

5) Gjennom KOSTRA sin statistikk kjem det fram at Hustadvika kommune (Fræna og Eide) gjennom ei årrekke har vore blant kommunane i fylket med mest omdisponering av dyrka jord. Dette kan ikkje halda fram. Samfunnsdelen av kommuneplanen må leggja klare føringar for å stoppa dette.

6) Statistikk frå Statens Landbruksforvaltning (basert på søknader om produksjonstilskot) viser at jordbruksaleal i drift er redusert med nesten 2000 da i Hustadvika (Fræna og Eide) i løpet av dei siste 10 åra. Samfunnsdelen av kommuneplanen må sikra at denne utviklinga blir stoppa.

## **Litt om grunnlaget for våre innspel**

### **1) Regionalt jordvernål**

Vi erfarer at det ofte blir tatt for lett på utfordringa som ligg i å unngå nedbygging av dyrka og dyrkbart areal. Nedbygging av areal er langt på veg ein irreversibel prosess og ei stor utfordring både internasjonalt, nasjonalt og lokalt. I 2015 vedtok Stortinget *nasjonal jordvernstrategi*, der målsetjinga er at det ikkje skal omdisponerast meir enn 4000 da pr år på landsplan. Fylkestinget i Møre og Romsdal vedtok i 2017 *Landbruksmeldinga for Møre og Romsdal 2017 – 2021*, der det heiter at Møre og Romsdal som minstemål må ta sin relative andel av dette, med ca 200 da pr år.

### **2) Nasjonal jordvernstrategi**

Vi viser til brev frå landbruks- og matministeren til kommunane av 1.10.2018. Her blir det m.a. vist til *revidert nasjonal jordvernstrategi*, der målet er at omdisponeringa av dyrka jord må ytterlegare reduserast. Vidare heiter det m.a. at *landbrukets arealressursar generelt må sikrast* og at det må gjerast konkrete vurderingar i forhold til jordvern i kvar reguleringsak. Det må m.a. gjerast vurderingar i forhold til verdi, konsekvensar og overordna planar.

### **3) Ingen automatikk i utviding av eksisterande utbygd areal**

Fleire stader er det klar konflikt mellom jordvern og andre samfunnsomsyn, t.d. bustadføremål. Vi vil i denne samanhengen peika på at det ikkje må vera automatikk i at eksisterande bustadareal skal kunne utvidast. Vi vil særleg peika på at ein del eksisterande bustadområde ikkje burde ha blitt utbygd. Då vil det vera heilt feil å halda fram med denne utbygginga. Det er viktig å vurdera langsiktige og indirekte verknader for arealbruk og klima dersom det vert opna for utbygging.

### **4) Matjord er verna**

Gjennom Jordlova, og ikkje minst i dagens diskusjon om miljø og klima, vert det lagt stor vekt på at dyrka og dyrkbart areal er ein ressurs for matproduksjon og miljø for framtidige generasjoner. I den lokale diskusjonen om arealbruk vert det imidlertid ofte trekt fram argument som t.d. at jord ikkje blir hausta eller at situasjonen til dei som eig jorda tilseier at jorda bør kunne takast i bruk til andre formål. Til dette må vi klart understreka at matjord er verna og skal vera ein mat- og klimaresurs for framtidige generasjoner. Eigarforhold og personleg situasjon skal ikkje takast i betraktning i planleggingsprosessar.

Med helsing

JORDVERN MØRE OG ROMSDAL

Kolbjørn Gaustad

Atle Frantzen